



Haugen Vva AS
Thor-Henrik Fredriksen
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/8185 - 21/82093

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
03.12.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/835 Alver

Tiltak: Nytt anlegg for veg, vatn og avlaup
Byggjestad: Gbnr: 137/835
Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.09.2021.

Mottakskontroll

Vi ber om orsaking for seint melding, det er pga. stor saksmengda og dårleg bemanningssituasjon. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Støttemurar og gangveg skal plasserast 0 meter frå gbnr 137/773 og gbnr 137/178 og krev samtykke frå eigare, eller evt. dispensasjon frå avstandskrav. I føresegn pkt.2.9 i reguleringsplanen står det at mindre tiltak kan plasserast 1 m frå nabogrense.
2. Privatrettslege forhold kring privat veg Tuftamyra er ikkje avklart, det skal signerast privat avtale eller visast til dokument som stadfester bruksrett på privat veg.

Byggesak har sendt saka på høyring til Samferdsel-, veg-, vatn og avløp den 24.11.21, då tiltaka er avhengig av opparbeiding av teknisk infrastruktur og godkjent rammeplan for VA i tråd med rekkjefølgjekrav i planen.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 03.01.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sommerro Panorama AS

Osterfjordvegen 124

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Kanalveien 5

5068

BERGEN